

## Målmannen Lars Berg – språkbrukaren

Lars Berg var ein stor tekstprodusent innafor det nynorske skriftspråket, og ein medviten målmann vil nok forme skriftspråket sitt ut frå dei oppfatningane han har om korleis norma bør vere. Arbeidet for det nynorske språket har ikkje berre gått ut på å få nynorsken tatt i bruk i samfunnet, men einkvar språkbrukar har fremja sin variant av språket som han eller ho har syntest har vore mest gagnleg. Korleis framstår så språkbrukaren Lars Berg? Kva slags nynorsk er det han ber til torgs? Og korfor skriv han som han skriv? Dette er nokre spørsmål som eg vil prøve å kaste lys over.

### LARS BERGS SYN PÅ SKRIFTSPRÅKET

Kva syn Lars Berg hadde på korleis ein burde skrive, kjem fram fleire stader. Ei viktig kjelde er møteprotokollane frå Hålogaland lærarmållag og Noregs lærarmållag som Lars Berg skipa i høvesvis 1932 og 1934. Ei av arbeidsoppgåvene til desse mållaga var å røkje etter korleis skolelova blei oppfølgt når det gjaldt retten barn hadde til å bruke sitt eige talemål i skolen. Barna burde få lære seg eit skriftspråk som tok utgangspunkt i det språket dei kjente frå før, heimemålet, og Lars Berg arbeidde for å få laga til ei nynorsk ABC-bok som tok utgangspunkt i nordnorske forhold, både språkleg og kulturelt. Eit pedagogisk prinsipp som han praktiserte, var å gå frå det kjente til det ukjente, og dette låg også i botnen for synet hans på korleis ein burde velje former i skriftspråket. Aller tydelegast kjem synet hans på skriftnormalen fram i eit innlegg på eit stort møte om nynorsk i Troms, det såkalla måltингet, som Lars Berg skipa til i 1947. Her presenterte han «Framlegg til skriftform i nynorsk for Troms fylke». Dette framlegget ligg føre i trykt

form. Her set han opp former frå 1938-rettskrivinga som skulle høve som nynorsk skriftform for Troms. I talen Lars Berg heldt på måltinget, kritiserte han både bokmålet og konservativ nynorsk språkbruk. Ingen av delane, meinte han, høvde for språkbrukarar med talemålsgrunn frå Troms. Det vil derfor vere relevant å sjå på om Lars Berg sjølv «levde som han lærte». Avspeglar skriftspråket han nyttar, talemålsbakgrunnen hans, hillesøy målet?

## RETTSKRIVINGSREFORMANE PÅ 1900-TALET

Rammene som blir sett rundt språkbruken til Lars Berg, er dei offisielle rettskrivingane for landsmål/nynorsk på 1900-talet. Av desse var det fem i Lars Berg si levetid (1901-1969) – jamvel seks om ein reknar med nazi-reforma under krigen. Eg vil kort seie noko om desse reformene/endringane i landsmålet, frå 1929 kalla nynorsk. Reformene kom i åra 1901, 1910, 1917, 1938 og 1959. Dei viktigaste var i 1917, 1938 og 1959, og eg vil kommentere språkbruken til Lars Berg i lys av desse tre.

Ei offisiell norm for landsmålet blei fastsett i 1901 med den såkalla hægstadnormalen, som innebar nokre mindre endringar i høve til Aasen-normalen. I tillegg fekk vi det som blei kalla midlandsnormalen, og som kunne nyttast av private og skoleelevar. I 1910 blei det gjort nokre mindre endringar i hægstadnormalen, men den første store endringa skjedde i 1917 då prinsippet om valfridom blei innført. Med innføringa av *valfri* i begge skriftnormalane prøvde ein no å komme fleire syn i møte, og dei *valfrie endringane* i begge språka gjorde at landsmålet og riksmalet nærmare seg kvarandre. I tillegg til valfrie endringar blei det også innført *obligatoriske endringar*.

Den neste store rettskrivningsreforma skjedde altså i 1938, og eit nytt prinsipp med *hovudformer* og *sideformer* blei innført. Ein kan seie at prinsippet med valfrie former frå 1917, no blei endra slik at alternative former (valfrie former) i skriftnormalen fekk definert kva bruksområde dei skulle ha. Hovudformene skulle brukast av det offentlege og i lærebøker, mens sideformene – også kalla klammeformer – kunne brukast av privatpersonar, inkludert elevane i skolen.

## ANALYSERT MATERIALE

Eg har undersøkt tre tekstar frå før 1938-rettskrivinga: Ein stil som eg går ut frå er skriven i 1919, dei fire første møtereferata til Hålogaland lærarmållag frå 1932 og debutromanen *Men det var det ingen som visste*. Her har eg sett på språkbruken i dei to første kapitla. Av slikt som er skrive etter 1938, har eg sett på språkbruken i tre brev til målfolk i Troms frå sommaren 1947, dei første 29 sidene i romanen *Her er sedejord nok* (1954) og dei 23 første sidene av romanen *Den lange vegen* (1967) – i alt om lag 65 sider tekst. Dette er sjølvsgått eit svært avgrensa tekstkorpus, men likevel får ein eit visst inntrykk som truleg kan vere karakteristisk for språkbruken til Lars Berg.

Lars Berg tok tidleg til å skrive. I eit intervju med Gustav E. Karlsen i 1962 hevdar han at han begynte å skrive si første bok då han var elleve år. I det same intervjuet går det også fram at Lars Berg alt som barn tok til å skrive på landsmål. Dessverre har eg ikkje komme over tekstar som er eldre enn frå 1919, nemleg stilane frå Tromsø lærarskole. Her finst stilar på både landsmål og riksmål. Den eg har sett nærmare på, «Ein annsam slåttedag», er den første i stilboka. Eg går derfor ut frå at han er frå 1919 – det året Lars Berg starta på lærarskolen. Ein grunn til at det finst så få bevarte tekstar av Lars Berg før andre verdskriga, er nok at tyskarane tok beslag i papira hans og brente mykje av det han hadde skrive (munnleg opplysning frå Einride Berg).<sup>1</sup>

## SPRÅKLEGE TREKK I LYS AV RETTSKRIVINGSREFORMANE AV 1917, 1938 OG 1959

I denne framstillinga vil eg avgrense meg til å seie noko om vokalismen i ein del ord, endingar i bunden form av sterke hokjønnsord, infinitivsendingar,

---

1 Ein tekst som kunne ha vore vurdert, er møteprotokollen for ungdomslaget Sol(l)eia i Buvika, heimbygda til Lars Berg. Her finst det eit handlingsreferat frå 1919 til 1926, men møteprotokollen er ikkje ført samstundes med at hendingane gjekk føre seg, og det er uråd å seie når tid Lars Berg har skrive ned det som står i denne protokollen. Siden teksten ikkje kan tilfestast, har eg ikkje sett nærmare på språket i denne teksten.

verbformer med eller utan palatal markering, preteritumsformer av svake e-verb, verbformer på -s el. -st, suffikset -leg/-lig, diverse ordformer og litt om brot på skriftnormalen og innslag av dialektformer.

## VOKALISME

I skolestilen frå 1919 finn vi innslag av former med vokalisme som avvik frå det som er vanleg i dialekten, men som var tillate i 1917-rettskrivinga. Lars Berg skreiv *turt*, *turrver*, *sudaust*, *sudhimmel*, *so*, *soleis*, *gøynde*, *hørde*, *køyrd*, men etter 1917-rettskrivinga kunne han ha skrive *tørt*, *tørrver*, *sør-*, *så*, *gjømde* el. *gjømte*, *hørde* el. *hørte*, *kjørd* el. *kjørt*. Om ein går ut frå at Lars Berg også på denne tida la vinn på å skrive dialektnært, kan avvika komme av at han ikkje var kjent med alle formene som det var høve til å nytte innafor gjeldande skriftnormal, men det kan også vere at norsklæraren sette visse former høgare enn andre, og at studenten la vekt på å skrive det som fall i smak hos læraren. Slike forhold kan ha verka inn på formvalet, og ein skolestil kan derfor vere problematisk å bruke for å danne seg eit bilet av språkbruken til Lars Berg på denne tida. Men sidan sjølvstende og mot er eigenkapar som karakteriserer Lars Berg, er det neppe grunn til å tru at han på noko område ville vere ein servil augetenar.

Møteprotokollen frå 1932 og romanen frå 1934 har skrivemåten *millom*, sjølv om 1917-rettskrivinga hadde fått inn *mellom* som valfri form. I 1917 var forma *være* kommen inn som valfri form til *vere*, og i møteboka finst begge formene, men *vere*-forma er mest brukt. Seinare, til dømes i debutromanen frå 1934, går Lars Berg over til å skrive *være* i samsvar med dialektuttalen, men i 1938-rettskrivinga blir *vere* eineform i nynorsk, og Lars Berg rettar seg etter ho og skriv *vere*. I 1934 har Lars Berg gått over til å bruke monoftong i former som *hørte*, *glømt* og *død*, i variasjon med *dau* ut frå stilistiske forhold. Slik skrivemåte gjennomførte han sidan for desse ordformene.

Med 1938-rettskrivinga kom former som *skole* og *summar* inn som sideformer til *skule* og *sumar*, og i samsvar med dialekten sin tok Lars Berg i bruk dei nye sideformene. Men forma *skule* finst ein gong i breva frå 1947

– kanskje har forma snike seg inn av gammal vane. Desse nye formene var slett ikkje sedde på med blide auge av alle målfolk. Ein illustrasjon på haldningane som rådde, finn vi til dømes i eit brev til Lars Berg vårvinteren 1948 frå dåverande leiar i Noregs Mållag, bjarkøyværingen Hans Eidnes. Han fortalte at på årsmøtet i laget 1.-2.11.1947 var han blitt sterkt irettesett av to vossingar for at han frå talarstolen «nytta ordet skole, med stutt o i utt.».

## BØYINGSFORMER

### STERKE HOKJØNNSORD, BUNDEN FORM EINTAL

I 1917-rettskrivinga skulle bunden form av sterke hokjønnsord ha endinga *-i*, *den boki*, *soli*, men med *-a*-ending som valfri form. Etter 1938-rettskrivinga blei *a*-formene hovudformer og *i*-formene sideformer. Lars Berg nytta alltid *a*-formene i samsvar med dialekten, til dømes skriv han *bygda*, *sola* og *døra* i 1919.

## INFINITIVAR

I 1917 blei det tillatt å ha *-e*-ending på infinitivar ved sida av *-a*-endingar, rettskrivinga av 1938 gjorde *e*-infinitiv til sideform, men i 1959 blei infinitiv på *-e* jamstelt hovudform i nynorsk. I alle tekstane som eg har undersøkt, gjennomfører Lars Berg konsekvent infinitivar med *-e*-ending i tråd med talemålet sitt. Eg har berre registrert éin *a*-infinitiv i eit av breva frå 1947, *å reisa*, og forma må nok karakteriserast som ei tilfeldig feilskriving i høve til norma han elles nyttar.

## VERBFORMER MED -(G)GJE, -KJE, -TJE, -LJE, -RJE

I nynorsk blir palatal uttale av verbstammer (finst også i substantiv og adjektiv) markert ortografisk med ein *-j*, t.d. *liggje*, *tenkje*, *sitje* og *spørje*. Frå 1938 har former som *liggje* og *sitje* hatt sideformer utan *-j*, *ligge* og *sitte*, men ein må skrive *tenkje*, *telje* og *spørje*. Lars Berg likte nok ikkje å skrive desse *j*-formene, for på det såkalla måltinget i Tromsø i 1947 gjekk han i rette med

konservative målfolk som han meinte hadde eit stort ansvar for motstanden mot nynorsk. Om ein gav nynorsken ei slik form at folk syntest at dei kjente dialekten sin betre igjen i bokmål enn i nynorsk, så var ikkje *det* folket si skyld, men nynorsken si skyld. Det var ikkje rett å tvinge folk som sa *bygge* til å bruke forma *byggja* (Nordlys 1.11.1947, s. 1).

I 1919 skriv Lars Berg *liggje*, *syngje*, *bøygje*, i 1932 finn vi formene *fylgjande*, *røkkjer* (skulle etter skriftnormalen vore *røkjer*), alt etter gjeldande rettskriving, men forma *spørre* finn vi brukt i 1932, og denne forma held han fast på seinare trass i at ho var (og er) i strid med nynorsk rettskriving. I 1934 finn vi formene *fortelje* og *ligge*, men *ligge* var endå ikkje blitt tatt opp i normalen som sideform. Forma *sette*, som vi finn i 1947, var blitt tatt inn som sideform i 1938, men det var ikkje forma *fortelle*, som vi møter i 1954 og seinare. Trass i dei konsekvente normbrota med skrivemåltane *fortelle* og *spørre*, ser vi at Lars Berg på andre punkt er trufast mot den offisielle skriftnormalen og skriv til dømes *følge* i 1967.

## PRETERITUMSFORMER AV SVAKE E-VERB

Verb som *kvile*, *føre* og *stemme* fekk i 1917 valfrie fortidsformer på -te, slik at ein kunne skrive både *kvilde*, *førde*, *stemde* og *kvilte*, *førte* og *stemte*. I 1938 blei -te-formene sideformer og -de-formene hovudformer. I 1959 blei begge formene jamstelte hovudformer.

I 1919 skriv Lars Berg *fortalte*, *høyrd*, og *gøynde*, men sidan går han over til å nytte berre preteritumsformer på -te: t.d. skriv han *kjente*, *horte*, *spurte* og *gruste* i 1934. Han nyttar jamvel stundom -te-former som etter skriftnormalen skal ha -de-form, til dømes *følge*.

## VERBFORMER PÅ -S/-ST

I 1917-rettskrivinga kom infinitivsformer på -as inn som valfrie former til -ast, og i presens fekk vi tilsvarannde formene -es og -est. Med 1938-rettskrivinga blei formene utan -t gjort til sideformer, og det er dei framleis i dag. Stilen til Lars Berg frå 1919 har former som *skjemtest* og *syntest* (preteri-

tumsformer), men alle tekstane frå og med 1934 har for det meste former utan -t, t.d. *gjeres, settes, lykkas, finnes* (presensformer), *kjentes, øntes, syntes, mintes, spurtes, fans* (preteritumsformer), men *trengst* (presens, 1947). Ut frå målførebakgrunnen til Lars Berg kunne ein ha venta at han ville bruke formene med -t, for desse formene finst framleis i det lokale talemålet i variasjon med former utan -t.

## SUFFIKSET -LEG OG -LIG

Både 1917- og 1938-rettskrivinga hadde berre forma *-leg* i ord som inneholdt dette suffikset, men rettskrivinga av 1959 innførte *-lig* som sideform. Tekstane frå 1919, 1932 og 1947 har berre former med *-leg*, men den første romanen har berre *-lig*-former, det same har den siste romanen (frå 1967) (dvs. i tekstdraga som eg har sett på), og i 1954-romanen finst stort sett berre *-lig*-former, men nokre innslag av *-leg*-former finst også. Ut frå talemålet til Lars Berg høvde *-lig*-forma best. Vi ser her eit døme på at Lars Berg bryt med skrivemåten i gjeldande rettskriving og heller nyttar ein skrivemåte som betre samsvarar med dialekten hans, og vi skal seinare sjå fleire slike døme.

## MYKJE-MYE, NOKO(N), NOKRE-NOE(N), BERRE-BARE

Når ein følger tekstproduksjonen til Lars Berg gjennom tida, ser ein at han etter kvart tar i bruk nokre former som er komne inn i normalen som tilnærningsformer til bokmålet, til dømes *mye, noe, noen* og *bare*. Formene *mye* og *noe(n)* får innpass i nynorskrettskrivinga som sideformer frå 1938. Forma *bare* kom inn i nynorskrettskrivinga i 1917 som valfri form, men så tok dei ut *bare* i 1938, og i 1959 kom *bare* inn att som sideform. I 1919 skreiv Lars Berg *mykje, noko(n)*, og *berre*, i 1932 *berre* (dei to andre orda er det ikkje døme på). I 1934 skriv han *mykje, noko, nokre* og *berre*, og i 1947 *mye* og *mykje, noko, nokre* og *berre*. Frå 1954 finn vi berre former som *noe(n)* og *mye* i det undersøkte materialet. Frå 1967 finn vi også at forma *bare* er gjennomført overalt, bortsett frå i replikkane på dialekt. Andre slike bok-

målsnære former som vi møter i 1954 og 1967, er *gikk*, *sia*, *gi* og *gitt*. Formene *gikk* og *sia* kom inn som sideformer i 1938 i tillegg til *gjekk* og *sidan*, mens *gi*, *gitt* kom inn i nynorsk i 1959 som jamstelt form til *gje* og *gjeve*. Formene *gikk* og *sia* var nok i samsvar med dialekten til Lars Berg, men forma *gitt* hører ikkje heime i det tradisjonelle hillesøy-målet. Her heiter det *jedd*, men ein kan sjølvsgart diskutere om denne forma har mest til felles med skrivemåtane *gjeve* eller *gitt*. Truleg er det former av dette slaget som Hans Eidnes forsiktig kritiserer i det tidlegare nemnte brevet av 1948. Lars Berg spør kva Eidnes meiner om å få gjevc ut ei rettskrivingsordliste for Troms, og Eidnes seier «[eg] er berre litt redd for at du går for lang i mot den andre kanten», og her meiner nok Eidnes at Lars Berg nærmar seg for mykje til bokmålet. Han seier vidare at «eg har visst ein gong tidlegare sagt mi meinung om formene i bøkerne [sic.] dine, der var eit par eg ikkje likte. Var det ikkje *da* i st.for *då*, tru?»

## BROT MED SKRIFTNORMALEN

Om vi ser bort frå språket i dialektreplikkane i romanane, finst det likevel ei rekke døme på brot med den offisielle skriftnormalen. Lars Berg skriv *dokker* i 1934 i samsvar med sin eigen dialekt, ikkje *dykk*, og i 1954 skriv han pronomenforma *dem* i staden for *dei* (Ivar Aasen skreiv *deim*, bokmål *dem*). Sterke partisippar blir skrivne med vokalisme som i hillesøy-målet: *klepe* (dial. *kleppe*) i 1934, i nynorsk heiter det *klipe*. På same måten finn vi former som *knepe*, *grepe*, *skreve*, (dial. *kneppa*, *greppe*, *skrevve*) som i nynorsk heiter *knipe*, *gripe*, og *skrive*. Former som *kjerke* og *kjerkesokn* (1954 og 1967) er eitt av mange andre døme på at Lars Berg følgjer dialekten og bryt skriftnormalen. Eit anna brot med rettskrivinga er å utelate stumme *d-ar* i ord som *rav*, *dau*, *dava* (1954).

## BROT MED DIALEKTEN

Eit viktig brot med dialekten er det når Lars Berg som oftast bruker verbet *å verte* i staden for *å bli*. Her følgjer han skriftradisjonen i nynorsk der ver-

bet *verte* har lengre tradisjon enn *bli*. Eit unntak i det undersøkte materialet er breva i 1947 der verbet *bli* er nytta fleire gongar. Ein annan type brot med dialekten er det når Lars Berg nyttar *bein* om *fötene*. På hillesøyymålet ville ein vere ille faren om ein gjekk rundt *på beina*. Dei lyt ein helst ha *inni* føtene om ein skal komme seg nokon veg.

## DIALEKTINNSLAG

Romanane til Lars Berg er fulle av replikkar på dialekt, eller på ei form som står dialekten nær, men også elles kjem ord og sciemåtar frå hillesøyymålet tydeleg fram. I stilens frå 1919 skriv han om *eit ufrøske* ('skremsel, uvesen til menneske'). I 1934 hører vi om fisken som *øntes på sola* ('glante på/var nyskjerrig på sola') og om *ein gong dei var roen* ('ein gong dei var på sjøen for å fiske'). I eitt av breva frå 1947 skriv Lars Berg */djette brevet må du få i*, ('få fatt i'). I 1954 er det ein som blir *ståande handfallen* ('opprådd'), og *han tykjen* er også til stades. I 1967 blir det fortald om ein som har *sjøverk* ('sjøsjuke') til han spyr *grønne gallet*, mens andre gjer *ei god pretta* ('narrestrek'). Heimemålet til Lars Berg fargar sterkt det han har skrive, og ein kan neppe tenke seg litterære tekstar frå hans hand utan tydelege og mange dialektinnslag.

## OPPSUMMERING

Som vi har sett, følgjer Lars Berg for det meste nokså trufast dei offisielle rettskrivingane, og han er snar med å ta i bruk nye sideformer som samsvarar med den nordnorske talemålsbakgrunnen hans. Men vi har også sett at han ikkje er redd for å bryte normalen om han finn dét naudsynt.

«Framlegg til skriftform i nynorsk for Troms fylke» som Lars Berg la fram på måltinget i 1947, har nok ikkje nådd fram til så mange, men i praksis har nok nynorskbrukarar flest nytta dei same prinsippa som Lars Berg tilrår, nemleg å velje mellom både hovud- og sideformer i skriftnormalen slik at ein kan skrive ein mest muleg dialektær nynorsk (som også denne teksten er eit døme på). Av pedagogiske grunnar argumenterer Lars Berg for at

skriftspråket bør stå nærmest muleg talemålet. Dette er synspunkt han hevdar i fleire samanhengar, og i notata til eit foredrag seier han: «Det skulle og burde vere klårt for alle for ei vinning det er at barnet lærer å skrive det same målet som det utviklar seg i munnleg. Den som ikkje forstår det, burde ikkje diskutere målspørsmålet, eg vil gå så langt.» (Udatert foredrag, arkivboks 51, legg 2).

Språkbruken til Lars Berg har ikkje gått upåakta for seg. I framlegg til ny læreboknormal som blei lagt fram i 1957, og som førte til rettskrivingsendringar to år seinare, ser vi at det fleire stader blir vist til ulike forfattarar som har brukta språket slik og slik. Mellom desse finn vi Lars Berg. Gjennom si skjønnlitterære gjerning har Lars Berg vore ein av fleire aktørar som har vore med på å forme det nynorske skriftspråket. Dette har han gjort ved rett og slett å bruke språket og ikkje vere redd for å gå i brodden med å ta i bruk former som ikkje alt fanst i skriftnormalane, men kanskje helst med å ta i bruk former som hadde komme inn som sideformer i rettskrivingsendringane. Når nokon tok formene i bruk, ville formene «styrke seg» i normalen og ikkje berre bli ståande som ubrukta papirformer.

På kva slags arena nådde Lars Berg lengst i arbeidet for norsk målreising? Var det i det direkte engasementet og agitasjonen for nynorsk som kom til uttrykk i det organisatoriske målarbeidet, eller var det i det indirekte arbeidet ved å skape tekstar på nynorsk? Sidan Lars Berg hadde eit stort lesande publikum, nådde han som forfattar fram til mange fleire med nynorsken sin enn dei han kunne nå fram til gjennom tradisjonelt organisasjonsarbeid. Lars Berg ønskete å rokke ved forstokka haldningar, både om dei tema som han skreiv om, og sikkert også ved å bruke den språklege forma som han skreiv på. Truleg oppnådde Lars Berg begge delar.

## UNDERSØKT TEKSTMATERIALE

- 1919: Stilen «Ein annsam slåttedag»
- 1932 Fire første møta frå Hålogaland lærarmållags møteprotokoll
- 1954 *Men det var det ingen som visste*, to første kapittel.
- 1947 Tre brev til målfolk i Troms

- 1954 *Her er sedejord nok*, 29 første sider  
1967 *Den lange vegen*, 23 første sider

## LITTERATUR

- Brev (vårvinteren 1948) frå Hans Eidnes til Lars Berg.
- Framlegg til skriftform i nynorsk for Troms fylke. Tromsø. Nordlys trykkeri. Statsarkivet i Tromsø. Privatarkiv nr. 4: Lars Berg, Universitetsbiblioteket i Tromsø, arkivboks 34, legg 3.
- Haugen, Einar 1966: *Riksspråk og folkemål. Norsk språkpolitikk i det 20. århundre*, Universitetsforlaget.
- Heggstad, Leiv 1931: *Norsk grammatikk: større utgåve*. 2. utg. Oslo: Norlis forlag.
- Karlsen, Gustav E. 1962: *Hillesøy kommune på fallrepet*. Tromsø off. Lærerskole. Upublisert skoleoppgåve.
- Møtebok for Noregs lærarmållag (kopi).
- Nordlys* nr. 249, 1.11.1947.
- Norsk språknemnd. Framlegg til læreboknormal 1957. Oslo: Kirke- og undervisningsdepartementet, 1957.
- Protokoll for Hålogaland lærarmållag. Statsarkivet i Tromsø. Privatarkiv nr. 4: Lars Berg, Universitetsbiblioteket i Tromsø, arkivboks 40.
- Skard, Matias 1920: *Nynorsk ordbok for rettskriving og litteraturlesnad. Rettsskrivingi etter den kgl. resolusjon frå 21/12 1917*. 2. (auka) utg. Kristiania: Aschehoug.
- Udatert brev (vårvinteren 1948) frå hans Eidnes til Lars Berg.

